

Postmottak
Helse- og omsorgsdepartementet

Dykkar ref: Vår ref: Sakshandsamar: Dato:
2017/394 - 3636/2017 Ingvill Skogseth 51 96 38 12 06.07.2017

Høyring - endringar i legemiddelforskrifta og blåreseptforskrifta

Helse Vest RHF viser til høyringsdokument frå Helse og omsorgsdepartementet om endringar i blåresept- og legemiddelforskrifta med høyringsfrist 14. juli 2017.

Generelle betraktningar

Føremålet med framlegg til endring av dei aktuelle forskriftene er tilpassingar for å gjere det mogleg å implementere felles kriterier for prioritering av legemiddelbehandling uavhengig av kva for ein offentleg aktør som betaler for behandlinga. Vidare at metodevurdering skal vere grunnlag for avgjerd om offentleg finansiering av nye legemiddel. Dette gjeld også for legemiddel som allereie er inkludert i offentlege betalingsordningar, dersom det er grunn til å tru at prinsipp for prioritering ikkje blir etterlevd.

Helse Vest RHF legg i høyringssvaret mest vekt på dei deler av ordninga som vi meiner verkar inn på spesialisthelsetenesta.

Overføring av ansvar for legemiddelbehandling

Helse Vest RHF er einig i prinsippa i forslaget om at folketrygda ikkje yter stønad til legemidlar der behandlinga blir styrt eller krev overvaking/utstyr frå spesialisthelsetenesta. Spørsmålet om gråsoner, som for eksempel ØHD-einingar eller KAD senger, trur vi blir heilt marginalt.

Helse Vest legg til grunn at auka kostnader knytt til overføring av ansvar for legemidlar og administrative kostnader for spesialisthelsetenesta blir kompensert.

Innkjøpsordning for legemidlar

I høyringsnotatet gjer HOD framlegg om overføring av alt ansvar for innkjøp av legemiddel i regi av blåreseptordninga og for spesialisthelsetenesta til Sykehusinnkjøp HF.

Helse Vest støttar etablering av ei ordning der felles innkjøp blir gjort gjennom Sykehusinnkjøp HF. Det er bra med ein felles sterk aktør og fellesordninga bør bli administrert via Sykehusinnkjøp HF.

Også her legg Helse Vest til grunn at auka kostnader for spesialisthelsetenesta blir kompensert.

Metodevurdering

Helse Vest støttar at innføring av metodevurdering blir eit gjennomgåande prinsipp. Dette kan gi kapasitetsutfordringar i Sykehusinnkjøp/beslutningsforum i forbindelse med overføring av legemidlar til ordninga.

Sykehusinnkjøp/beslutningsforum må i denne samanhengen prioritere både kva som skal til metodevurdering og i kva rekkefølge. Så langt har bestillerforum vektlagt:

- a. Totalutgifter for det aktuelle medikamentet
- b. Medikament med særleg høg kostnad per pasient.

Dette er prinsipp vi meiner må ligge til grunn også å implementere felles kriterier for prioritering av legemiddelbehandling under blåresept- og legemiddelforskrifta.

Fjerning av «en-månedssregel»

I høringsbrevet blir det gjort framlegg om fjerning av «en-månedssregelen».

Intensjonen med «en-månedssregelen» har vore trygging av legemiddelbehandling og skjerming av pasient for store utgifter etter utskrivning fram til vedtak frå Helfo ligg føre.

Departementet argumenterer for at redusert saksomfang og betra rutinar for sakshandsaming ikkje gjev grunn for å oppretthalde ordninga.

Avvikling vil etter vårt skjønn for enkelte legemiddel likevel kunne gje auka økonomisk og praktisk belastning for svært sjuke pasientar og pårørande. Vi vil såleis argumentere for å oppretthalde ordninga for legemiddel som ikkje blir overført til anna finansiering. Vi ser det som svært viktig å ikkje gjere endringar som gir auka risiko for avbrot i viktig medikamentell behandling, eller at denne blir forsinka eller ikkje kjem i gang. Det er ikkje alle sjukehus som har sjukehusapotekutsal.

Om ordninga likevel blir avvikla, vil vi av omsyn til etablering og utprøving av gode overgangsordningar argumentere for at sluttdato blir sett til 31. desember 2018.

Noverande reglar på området gir slik vi ser det òg uklåre kriterier for avklaring av pasienten sin økonomiske situasjon og kva tid apotek/lege eventuelt skal avvise bruk av regelen. Ved vidareføring bør det etter vårt skjønn gis klare vilkår for utlevering av legemiddel etter ordninga både for lege og sjukehusapotek.

Sjukehusapoteka er siste ledd i behandlingsskjeda for dag eller døgnpasientar i sjukehus. I utgreiinga «*Farmasøytjenester og etterlevelse av legemiddelbehandling*» frå 2014 skriv Helsedirektoratet: «*Det primære formålet med publikumsavdelingene i sykehusapotekene er å sikre at det ikke blir brudd i legemiddelbehandlingen til den*

utskrevne pasienten og polikliniske pasienter. Sykehusapotekene skal sikre at pasientene har det de trenger og at de mestrer legemiddelbruken før de forlater sykehuset».

Sjukehusapoteka har nært samarbeid og dialog med sjukehusavdelingar ved utskriving av pasientar og om kva legemiddel som må vere på lager. Døme på dette er spesialformuleringar til barn, TPN og antibiotikapumper til pasientar med Cystisk fibrose. Sjukehusapoteka har såleis dei beste føresetnadane for å bidra til kvalitetssikring ved start av legemiddelbehandling.

Helse Vest RHF legg til grunn at økonomiske og administrative konsekvensar av dei endringane som er føreslått, blir følgt opp i den ordinære budsjettprosessen.

Vennleg helsing

Baard-Christian Schem

Baard-Christian Schem

fagdirektør

Ingvill Skogseth

Ingvill Skogseth

seniorrådgjevar